# Kristofer Kristofersen — politikar og forfattar

AV JOSTEIN NERBØVIK



*Kristofer Kristofersen (1851–1892). Maleri av E. Ulving.*

## *Mannen*

«Poeten og Redaktøren Kr. Kristofersen var hos mig i Gaaraftes. Det var en kvik, behagelig Mand med mange Interesser. Stor Politiker derhos ... Det er rimeligvis en Mand med Fremtid.»[1]

Det var Ludvig Daae på Solnør som hausten 1888 noterte seg denne vitjinga i dagboka si. Daae var i samtida ein mykje kjend politikar, men kjende seg trøytt og utestengd frå det meste no. Ikkje alltid fall omtalen av andre personar så velviljug som i dette tilfellet. Og han tok det seinare grundig att.[2]

Kven var no denne Kristofersen? Vi kunne seie at han var ein av dei mange mindre bjørnsonar og sverdrupar som i dag longe er gløymde. Men byrjar vi sjå nøgnare etter, er Kristofersen visseleg «stor» nok, i alle fall for